



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Torsdag 15. desember 2022 kl. 19:00
Stad:	Digitalt
Tilstades:	Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Anna Tveit (vara med stemmerett), Jakob Løve Rud (vara/observatør)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Magnus M. Aronsen, , Karl Andreas Karlsen, Andrea Maud Mjønes (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Visekretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 43/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 44/2022	Godkjenning av referat frå styremøte 09. september 2022
RK-sak 45/2022	Statusrapport
RK-sak 46/2022	Søknadar om roverstønad
RK-sak 47/2022	Årsmelding 2022
RK-sak 48/2022	Terminliste 2023/24
RK-sak 49/2022	Budsjett 2023
RK-sak 50/2022	Kretskonkurransekomite
	Evaluering av festivalleir
	Eventuelt

RK-sak 43/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 44/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 09. september 2022

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 09. septemberi 2022 vert godkjent.

RK-sak 45/2022: Statusrapport

Statusrapport frå aktivitet i kretsen hausten 2022:

- Kretsens helg vart arrangert av utval speiding 23.-25. september. Det var åtte deltakarar på peff 1 kurs.
- Speidar- og roverforum vart arrangert 21.-23. oktober i Molde. Kretsen hadde to deltakarar på speidarforum og fire deltakarar på roverforum.
- Speidartinget vart arrangert 11.-13. november i Oslo. Her hadde kretsen seks deltakarar.
- Julemøte vart arrangert på Lier 28. desember og hadde 16 deltakarar.
- Utleige hausten 2022:
 - Lier: Ei helg
 - Hedleitun: Åtte helger

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 46/2022: Søkningar om roverstønad

Kretsen har motteke tre søkningar om stønad til deltaking på nasjonale arrangement for roverar.

1. Magnus M. Aronsen søker om å få dekkja utgifter i forbindelse med deltaking på Roverstevnet 4.-6. nov 2022. Han hadde totalt 1737kr i utgifter til fly, kollektiv transport og deltakaravgift.
2. Magnus M. Aronsen søker om å få dekkja utgifter i forbindelse med deltaking på Leiarfest 26.-28. august 2022. Han hadde totalt 2561kr i utgifter til fly, kollektiv transport og deltakaravgift. NSF har gitt han 1912,50kr i reisestøtte, og dei resterande utgiftene er då 648,50kr.
3. Hildegunn L. Fjelland søker om å få dekkja utgifter i forbindelse med deltaking på Leiarfest 26.-28. august 2022. Ho hadde totalt 1720kr i utgifter til fly, kollektiv transport og deltakaravgift. NSF har gitt ho 1220kr i reisestøtte, og dei resterande utgiftene er då 500kr.

Kretsen dekkjer halvparten av utgiftene roverar har til deltaking på nasjonale arrangement (jf. vedtaket som vart gjort i sak 5 på kretstingets årsmøte 2019). Kretsstyret ynskjer å gi stønad til søknad nr.2 og nr.3 sjølv om dei har fått stønad frå NSF. Kretsstyret meiner at det skal kome deltakarane til gode at dei søker om støtte frå ulike plassar. Det er også godt med pengar igjen i stønadsordninga og det kjem ikkje fleire søkningar i år.

VEDTAK: Alle søknadane vert innvilga. Søknad nr.1 får dekkja halvparten av utgiftene og søknad nr.2 og nr.3 får dekkja det resterande beløpet.

RK-sak 47/2022: Årsmelding 2022

Medlemstal vert mottatt og lagt inn i midten av januar.

Arbeidsgruppa for Hedleitun må leggjast inn i oversikten over komitèar og utval.

VEDTAK: Årsmelding for 2022 vert godkjent med merknadane ovanfor. .

RK-sak 48/2022: Terminliste 2023/24

Ingen merknadar

VEDTAK: Terminliste for 2023/24 vert godkjent.

RK-sak 49/2022: Budsjett 2023

Kretsstyret har byrja å sjå på endringar i budsjettet for 2023. Dette vert jobba vidare med på neste kretsstyremøte fordi me treng opplysningar frå arbeidsgruppa for Hedleitun.

VEDTAK: Budsjett 2023 vert overført til neste kretsstyremøte.

RK-sak 50/2022: Kretskonkurransekomité

Kretskonkurransekomiten har for få medlemmar til å kunne arrangere kretskonkurransen i 2023. Det må snarast rekrutterast medlemmar til komitéen, då dei snart må byrje arbeidet.

Meling speidargruppe og 1.Leirvik speidargruppe har meldt seg som teknisk arrangør for kretskonkurransen.

VEDTAK: Kretsstyret tek kontakt med gruppene dei er kontaktperson for. Det vert lagt ut eit innlegg om at komitéen treng medlemmar på Facebooksida for roverar og leiarar.

Eventuelt